

Kort presentasjon av nytt rektorat 2013–2017

Rektorteamet for 2013–2017 er sammansett av rektorkandidat Ole Petter Ottersen og prorektorkandidat Ruth V. Fjeld, med viserektorkandidat Ragnhild H. Hennem.

Ole Petter Ottersen har vore professor i medisin sidan 1992. Han styrte Anatomisk Institutt mellom 1997 og 1999 og var forskingsdekan ved Det medisinske fakultetet mellom 2000 og 2002. Ottersen har vore rektor ved Universitetet i Oslo sidan 2009. Han har styrt ei av dei tverrfaglege satsingane til UiO (EMBio) og eit av dei store programma til Forskringsrådet (FUGE). Han koordinerte to prosjekt under rammeprogrammet til EU. Han har òg leidd eit av Sentra for framifrå forskning ved UiO (CNMN) i tidbolken 2002–2009 og vore leiar for eitt av dei tre fyrste Nordic Centres of Excellence in Molecular Medicine. Ottersen har fått ei rad prisar, medrekna Anders Jahres store medisinske pris og Lundbecks nordiske forskingspris. Ottersen har i mange år vore engasjert i internasjonale evalueringar og var pannelleiar i European Research Council (ERC) frå byrjinga til utgangen av 2012. Frå 2006 til 2009 var han hovudredaktør i det offisielle tidsskriftet til Den internasjonale hjerneforskningsorganisasjonen (IBRO). Ottersen har undervist medisinske studentar sidan 1976, og han har hatt studiekvalitet, internasjonalisering og formidling mellom kjernesakene sine.

Ruth Vatvedt Fjeld har vore professor i nordisk språkvitenskap ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium sidan 1998 og har spesialisering i leksikografi og leksikologi. Ho har vore styrar for Seksjon for leksikografi og målføregransking og har styrt ei rad prosjekt innanfor fagfeltet leksikografi og ordboksarbeid. Ho har vore medlem i forskingsutvalet til HF i fleire år, og har vore med i ymse nasjonale og internasjonale nemnder og utval. Ho har også delteke i internasjonale forskingsprosjekt, særleg i nordisk samanheng, og har vore leiande i arbeidet med å etablere leksikografi som eit sjølvstendig forskingsfag i Noreg. Ho har skrivt ei rad høgt verdsette lærebøker og ordbøker. For tida leier ho oppbygginga av LBK (Leksikografisk bokmålskorpus) og arbeider med praktisk og teoretisk leksikografi og datamaskinell leksikografi, og er i ferd med å utvikle eit datamaskinelt leseleg norsk ordnett, og er redaksjonsansvarleg for standardverket Bokmålsordboka. Ho er den einaste i landet som underviser i teoretisk leksikografi. Ho har vore bokmålskonsulent i NRK i ei årrekke, var språkkonsulent for Bibel 2011 og har mange tillitsverv og leiarverv i faglege samanhengar, for tida som aktiv styremedlem i Europeisk foreining for leksikografi. Ho har vore leiar for Nordisk foreining for leksikografi, og dessutan medredaktør og hovudredaktør for tidsskriftet LexicoNordica.

Ragnhild Hennem er professor i rettsvitenskap. Ho vart cand.jur. i 1991 ved Universitetet i Oslo, og tok graden dr.philos. same staden i 1999. Ho var i tidbolken 1992–2003 knytt til Institutt for kriminologi og rettsosiologi i ulike typar stillingar: Forskar, doktorgradsstipendiat, postdoktor og universitetslektor. Frå 2004 har Hennem vore tilsett som fyrstemanuensis ved Institutt for offentleg rett, og frå 2007 er ho professor same staden. Hovuddelen av det vitenskaplege arbeidet til Hennem ligg i skjeringpunktet mellom strafferett/straffeprosess og rettsosiologi. Ho har attåt doktorgraden «Bevis i saker om seksuelle overgrep mot barn» gjeve ut arbeid om straffeutmåling, dei rettslege sidene ved dødshjelp, seksualisert vald ålment, strafferettslege særreaksjonar og tvangsekteskap. Ho underviser i straffeprosess og strafferett. Frå 2009 har Hennem vore viserektor i rektorteamet Ottersen/Bostad. Viserektor Hennem har arbeidd særskilt med spørsmål som knyter seg til arbeids- og læringsmiljø og kontakt med dei tillitsvalde. Hennem har òg ansvar for å fylgje opp saker i skjeringpunktet mellom den faglege og den administrative styringslina.

Valprogram

Rektorteamet Ottersen/Fjeld/Hennum vil fylgje opp Strategi 2020, som er ein plan for å oppfylle hovudoppgåvene til UiO – forskning, utdanning, formidling og nyskaping. Vi ynskjer å integrere desse fire oppgåvene samstundes som vi vil at UiO styrkjer posisjonen sin som eit leiande internasjonalt universitet. Difor vil vi prioritere dette:

- **UiO skal vera ein arbeidsplass og ein studiestad som tilsette og studentar er stolte av og trivst ved**

Dei vitskapleg tilsette skal oppleve UiO som ein arbeidsplass med akademisk fridom og med ope innsyn og fagleg kraft i alle avgjerdsprosessar. Vi vil verja retten den einskilde forskaren har til å få samanhengande tid til forskning.

Dei teknisk-administrativt tilsette skal få gode høve til fagleg utvikling og oppleve at innsatsen deira for å nå dei overordna måla til UiO blir verdsett.

UiO skal vera ein attraktiv studiestad, også i internasjonal samanheng. Studieløpa skal vera prega av kvalitet, så kandidatane våre er attraktive i arbeidslivet.

Trivsel og entusiasme på arbeidsplassen heng nøye saman med omdømet til institusjonen. Vi vil intensivere arbeidet for å styrkje omdømet til UiO og gjera UiO meir synleg, nasjonalt og internasjonalt.

Det skal skapast endå større medvit om kor viktig godt arbeids- og læringsmiljø er. UiO skal framleis vera ein kulturberar og skal leggje tilhøva til rettes for studentlaga, medrekna jubilaranten Det norske studentersamfund.

Vi vil sikre medverknad og medinnverknad for tilsette og studentar. Rektor og dekanar skal veljast. Grunneiningane avgjer sjølve om leiar skal veljast.

- **UiO skal vera eit universitet som sikrar like vilkår og lik handsaming**

Alle tilsette skal ha eit så føreseieleg karriereløp ved UiO som råd. For å oppnå dette skal delen av mellombelse stillingar reduserast. I samarbeid med tenestemannsorganisasjonane vil vi ta opp att arbeidet med innstegsstillinger.

Vi vil sikre finansielt tilskot til permanent drift av ein nettverksorganisasjon for tilsette i mellombelse vitskaplege stillingar (UiODoc).

Vi vil arbeide for lik rett til utdanning og vil støtte kravet frå studentane om fleire studentbustader og betre studiefinansiering. Vi ynskjer å halde på ordninga i dag der ingen studentar må betala skulepengar, same kvar i verda dei kjem frå.

Alle grupper skal sikrast like vilkår. Arbeidet for jamstilling mellom kjønna har gjeve gode resultat. Likevel er det langt att før vi har ei god jamvekt. Mentorordningane har vist seg effektive og held fram.

I dei nærmaste åra kjem mange vitskapleg tilsette til å gå av med pensjon. Dette tidsvindauga må nyttast aktivt til å få fleire kvinnelege professorar så raskt som råd.

- **UiO skal halde fram med arbeidet for høg studiekvalitet**

Arbeidet for å prioritere studiekvalitet, tverrfaglegheit og betre oppfølging skal halde fram. Øyremerking av midlar til studiekvalitet skal fylgjast opp, og meir ressursar skal setjast av gjennom prosjekt for Internt Handlingsrom (IHR).

Studentane skal møte eit universitet der utdanninga er tett kopla til forskinga, og der dei møter dei beste forskarane tidleg i studiet.

Studentane skal inviterast til medverknad på alle nivå, og røysta deira skal høyrast gjennom det nyskipa studentombodet.

Studierettleinga skal styrkjast. "Forvei-prosjektet" ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet har vore vellukka og kan nyttast til modell i andre læringsmiljø òg.

Vi vil føre vidare og intensivere arbeidet med digitalisering og nye former for læring og evaluering og vil verdsetja innsats i utdanning på line med innsats i forskning. Evalueringar skal knytast til tilbakemeldingar og læring.

Dei fysiske læringsmiljøa skal styrkjast og utviklast vidare til attraktive læringsarenaer. Biblioteka har ei sentral rolle i å tilby eit godt læringsmiljø.

- **UiO skal vera eit universitet som sprengjer grenser**

Høge ambisjonar er det usynlege reisverket i kvart leiande universitet og er ein føresetnad for god forskning. Det skal stimulerast til samarbeid på tvers av fag og fakultet, og vi vil vurdere om insentivordninga og teljekantsystemet i dag er best skikka til å stimulere original forskning.

Finansieringa av norsk forskning må restrukturast. I dei siste åra har forskingsfinansieringa vorte vridd frå basisbudsjettet til universitetet til ekstern finansiering. Noregs forskarar blir meir og meir avhengige av Forskingsrådet. Endå det har betra seg dei siste åra, er det enno altfor få ressursar tilgjengelege for fri, forskarinitierte prosjekt. Vi vil arbeide for å styrkje ressurstilgangen til fri grunnforskning gjennom Forskingsrådet. Her ved UiO vil vi styrkje forskinga og studiekvaliteten gjennom prosjektet vårt for Internt Handlingsrom (IHR).

Ein god tilgang på økonomiske ressursar er avgjerande for grensesprengjande forskning. Vi meiner òg at forskning er heilt avhengig av gode bibliotekenester, og vi vil fylgje opp og styrkje desse.

UiO skal fylgje opp strategien for Open Access og såleis medverke til å dele kunnskap og gjera han tilgjengeleg for alle.

Høg kvalitet skal prege aktiviteten til UiO på alle område.

- **UiO skal vera eit universitet med stor fagleg breidd**

Universitetet skal ta vare på, gje ny innsikt i, utvikle og overføre til neste generasjon heile den felles intellektuelle, vitskaplege og kulturelle arven vår. Vi vil hegne om UiO som eit breiddeuniversitet og vil arbeide for at innsikt frå alle fagområde blir drege inn når forskingsoppgåver blir definerte og utforska.

Vi vil halde fram med arbeidet for å sikre dei humanistiske faga betre rammevilkår og lettare tilgjenge til ekstern finansiering.

Tverrfagleg forskning og utdanning skal utviklast vidare, mellom anna gjennom satsing på livsvitskap og energi.

- **UiO skal vera eit universitet der vi ser forskning, utdanning, formidling og innovasjon i samanheng**

Vi vil gjera utdanninga meir engasjerande ved å sikre ei tettare kopling til forskning.

Formidling er ei viktig synleggjering av UiO i media. Vi vil utarbeide ein plan for å styrkje formidlinga endå meir.

Vi vil halde fram med arbeidet med å utvikle gode forum for kunnskapsutveksling og vil skipe til ein årleg UiO-festival etter mønster av idéfestivalane i jubileumsåret.

Vi vil fullføre arbeidet for å opprette eit formidlingsprofessorat. Dette professoratet skal vera kjernen i eit sterkt fagmiljø for formidling og skal styrkje UiO som ein akademisk og fagpolitisk debattarena.

Innovasjon skal inn i alle utdanningsløp. Vi vil fylgje opp den nyleg vedtekne handlingsplanen vår for innovasjon og fremja bruken av det utvida innovasjonsomgrepet. Inven2 – som alt no har vakse til eit av dei største innovasjonsselskapa i Norden – skal sikrast gode arbeids- og rammevilkår.

- **UiO skal vera eit universitet med nær kontakt til mange samarbeidspartnarar**

Vi vil halde fram å styrkje det gode samarbeidet med Oslo kommune og Helse Sør-Aust.

Vi vil føre vidare samarbeidet med offentleg forvaltning gjennom Partnerforum.

Vi vil etablere eit partnerforum med næringslivet.

Vi vil etablere ei ny møterekke for trilateralt samarbeid mellom skuleetaten, næringslivet og universitetet. Gjennom eit slikt trilateralt samarbeid kan vi styrkje rekrutteringa til fag der det i dag trengst fleire hender, slik som i ingeniørfag og nokre språkfag.

Samarbeidet med fagforeiningane og studentorganisasjonane står sentralt og skal styrkjast.

- **UiO skal vera eit universitet som samordnar og balanserer internasjonalisering med ansvaret for utforskning og dokumentasjon av norsk og nordisk språk og kultur**

Vi vil halde fram arbeidet for å auke utvekslinga av studentar og forskarar med utanlandske institusjonar og vil styrkje UiO-sentra på Svalbard og i utlandet, medrekna sentra i Sankt Petersburg, Fudan i Kina, Roma, Athen og det nyskipa Peder Sather Center ved UC Berkeley. Professor II-stillingar skal nyttast til å knyte leiande utanlandske forskarar til UiO, og ein sentral rekrutteringspott skal setjast av til å stø opp om dette.

Vi meiner at vellukka internasjonalisering må vera tufta på ei sterk satsing på eigen kultur- og språkkrins. UiO skal oppfatast og gjerast synleg internasjonalt som eit universitet med eit unikt og sterkt ankerfeste i Norden. Vi vil difor arbeide for å sikre det nordiske forskings- og utdanningssamarbeidet. Vi vil arbeide for at nordiske universitet møtest med jamne mellomrom for å sikre god arbeidsdeling og for å gjera Norden meir synleg på den internasjonale forskings- og utdanningsarenaen, medrekna EU.

- **UiO skal vera eit universitet som tek globalt ansvar og som er solid tufta på dei demokratiske verdiane**

Dei nye studentane skal utdannast for ein global arbeidsmarknad, og skal òg få god innsikt i dei store utfordringane som verdssamfunnet står overfor. Førelsesrekkeja «Global Citizens» som byrja i 2012, skal først vidare for å medverke til dette.

UiO skal utdanne kompetente og engasjerte samfunnsborgarar med djup innsikt i dei verdiane som demokratiet vårt er bygd på. I samarbeid med studentlaga vil vi arbeide for å skapa endå fleire arenaer for ordsifte på campus.

Vi vil styrkje tverrfagleg forskning og utdanning innanfor menneskerettar. UiO vil ta initiativ til å skipe eit internasjonalt universitetsnettverk mot dødsstraff.

Vi vil sikre og styrkje symmetrisk forskings- og utdanningsarbeid med det globale sør. UiO vil leggje tilhøva til rettes for kompetanseoppbygging gjennom NORHED og andre program.

Arbeidet for Grønt universitet skal halde fram og styrkjast.

- **Universitetsmusea er viktige for Universitetet i Oslo**

Vi vil halde fram med å prioritere universitetsmusea og syte for at dei får ei endå meir sentral rolle i formidlinga og studentrekrutteringa til universitetet. Forskinga ved musea er viktig for UiO og skal styrkjast.

Vi vil arbeide for finansiering av eit nytt veksthus på Tøyen og for restaurering av Naturhistorisk museum.

Vi vil arbeide for utvikling av Kulturhistorisk museum på Tullinløkka – parallelt med arbeidet for å samle Det juridiske fakultetet. Visjonen vår er at Tullinløkka og det universitetsområdet som grensar til, skal stå fram som eit heilskapleg akademisk og kulturelt sentrum i kunnskapsbyen Oslo.

- **UiO skal vera eit sjølvkritisk universitet som lèt seg sjå i korta**

Vi ynskjer at UiO stiller seg ope for kritikk og innsyn både innanfrå og utanfrå. Vi vil difor ha ei aktiv og ubunden presse på campus og vil føre vidare ordninga med ei rådgjevande nemnd på høgt internasjonalt nivå.